



Sveio kommune,  
Postboks 40,  
5559 SVEIO

Vår dato:

24.02.2022

Vår ref:

2022/491

Dykkar dato:

10.01.2022

Dykkar ref:

Saksbehandlar, innvalstelefon  
Håvard Rød, 5557 2143

## Sveio kommune - budsjett 2022 og økonomiplan 2022-2025

Sveio kommunestyre har i møtet 13.12.2021, sak 118/21, handsama og vedteke budsjett 2022 og økonomiplan for 2022-2025. Vi har motteke saksdokumenta til orientering.

Kommunen er ikkje under statleg kontroll og godkjenning. Budsjett og økonomiplan er difor ikkje kontrollert etter kommunelova § 28-1 (Robek-registrerte kommunar). For alle kommunar kontrollerer Statsforvaltaren at budsjett og økonomiplan er i balanse. Dette brevet er ei tilbakemelding om korleis vi vurderer økonomien til kommunen og utviklinga slik ho er planlagt i budsjett og økonomiplan.

Som følgje av covid-19 har kommunane ulike utfordringar med økonomien. Våre vurderingar er gjorde med grunnlag i opphavleg budsjett og økonomiplan til kommunen, og vi vil følgje konsekvensane av covid-19 særskilt opp i samband med statlege tiltak som blir sette i verk.

### Oppsummering

Det er viktig at kommunen reelt oppnår årlege netto driftsoverskot over 1,25 prosent av driftsinntektene, som kommunen har vedteke som eit minstenivå. Vi vurderer dette som realistisk.

Kommunen si lånegjeld kjem til å auke i 2022 og 2023 som følgje av store investeringar. Det er viktig at kommunen vidarefører eit moderat gjeldsnivå i åra framover og ikkje investerer for mykje. Kommunen må ha som målsetjing at gjeldsnivået blir på eit moderat nivå også på lengre sikt.

### Budsjett 2022

I førebels rekneskap for 2021 er det eit netto driftsoverskot med kr 25,8 mill. Det utgjer 4,8 prosent av driftsinntektene i 2021. Det gode resultatet skuldast i hovudsak ekstraordinær høg skattevekst i 2021.

Netto driftsoverskot i budsjettet for 2022 er kr 7,0 mill. Det utgjer 1,4 prosent av driftsinntektene.



Kommunen har budsjettert med kr 163,0 mill. i skatt på eige og inntekt for 2022. Ordinær skatt og rammetilskot er budsjettert med til saman kr 378,5 mill.

Inntektsprognosene for 2022 er no oppdatert med innkomen skatt i 2021. Prognosene for ordinær skatt og rammetilskot samla er kr 377,5 mill.

Det er budsjettert med kr 1,6 mill. i eigedomsskatt for 2022. Innkomen eigedomsskatt i 2021 var kr 3,5 mill. Det er lagt opp til å ta eigedomsskatten heilt bort frå og med 2023.

Kommunen hadde ein svært høg skattevekst frå 2020 til 2021. Veksten var 31,2 prosent. Den høge skatteveksten gjorde at kommunen for 2021 kom opp på eit skattenivå like over 90 prosent av landsgjennomsnittet.

Det er for 2022 og dei neste åra i økonomiplanen innarbeidd ei inntekt frå Havbruksfondet med kr 6,0 mill. årleg.

Det er budsjettert med utbytte frå Haugaland Kraft AS på kr 10,4 mill., som er ein auke på kr 1,0 mill. frå 2021. Det må pårekna eit noko større utbytte enn budsjettert på bakgrunn av høge kraftprisar.

Det er budsjettert med kr 21,1 mill. i ordinære avdrag (utanom avdrag på formidlingslån). Dette oppfyller minimumskravet for ordinære avdrag i kommunelova.

I 2022 er det budsjettert med brutto investeringar på til saman kr 61,9 mill. Den største investeringa i år er i samband med idrettshall. Av dei budsjetterte investeringane utgjer investeringar innan VAR-sektoren kr 20,0 mill.

Investeringane i vatn og avlaup er planlagt lånefinansierte fullt ut. Dei andre investeringane blir finansierte med bruk av lån, momskompensasjon, sal av tomter og driftsfinansiering. Det er planlagt noko bruk av disposisjonsfondet, om lag kr. 11 mill., til finansiering av investeringar.

Kommunen si brutto langsiktige lånegjeld ved utgangen av 2021 var kr 513,2 mill. (førebelts rekneskap), medrekna startlån til vidare utlån. Dette utgjer 95,2 prosent av sum driftsinntekter i 2021. Lånegjelda var til same tid om lag kr 89.200,- per innbyggjar.

## Økonomiplan 2022 - 2025

Økonomiplanen skal vise korleis langsiktige utfordringar, mål og strategiar i kommunale planar skal følgjast opp. Saman med årsbudsjettet skal han vise kommunestyret sine prioriteringar og løyvingar og dei mål og premissar som økonomiplanen og årsbudsjettet byggjer på. Kommuneplanens handlingsdel, med same formål, kan inngå i økonomiplanen.

Det er for 2022 budsjettert med eit netto driftsoverskot på om lag kr 7,0 mill., eller 1,4 prosent av driftsinntektene. For dei neste åra i økonomiplanperioden er det lagt opp til noko høgare netto driftsoverskot enn i år.

Kommunen sitt disposisjonsfond var kr 114,5 mill. ved utgangen av 2021 (førebelts rekneskap). Det utgjer 21,2 prosent av driftsinntektene i 2021.



Det er lagt opp til store investeringar i 2022 og 2023. Det planlagde investeringsnivået er særleg høgt i 2023. Det skuldast investeringane i Sveio barnehage og i badeanlegg. Planlagd bruk av lån er difor høg i 2023. For dei neste åra i økonomiplanperioden, 2024 og 2025, er det lagt opp til eit meir moderat investeringsnivå.

### **Finansielle måltal**

Etter kommunelova skal kommunestyret sjølv vedta finansielle måltal med handlingsreglar for utvikling av økonomien til kommunen. Finansielle måltal skal nyttast i planlegging og styring, som grunnlag for å vareta den økonomiske handleevna over tid.

Kommunen har vedteke følgjande måltal:

1. Netto driftsoverskot skal vere minimum 1,25 prosent av brutto driftsinntekter.
2. Netto lånegjeld i prosent av brutto driftsinntekter skal ikkje vere høgare enn 80 prosent.  
Netto renteeksponert gjeld skal ikkje utgjere meir enn 35 prosent av kommunen sine brutto driftsinntekter.
3. Kommunen skal ha disposisjonsfond på minst 10 prosent av driftsinntektene.

### **Statsforvaltaren sine vurderingar**

Kommunen hadde eit godt resultat i 2021. Det gode resultatet skuldast i hovudsak ekstraordinær høg skattevekst i 2021. Resultatet var difor ekstraordinært.

Kommunen har for heile økonomiplanperioden lagt opp til netto driftsoverskot som er noko større enn 1,25 prosent av driftsinntektene. Det er viktig at kommunen reelt oppnår netto driftsoverskot som er over dette minstenivået. Vi vurderer det som realistisk at kommunen oppnår dette.

Kommunen har framleis eit moderat gjeldsnivå. Kommunen si lånegjeld kjem til å auke i 2022 og 2023 som følgje av store investeringar. Investeringar vil også føre til auka driftskostnader. Det er viktig at kommunen vidarefører eit moderat gjeldsnivå i åra framover og ikkje investerer for mykje. Kommunen må ha som målsetjing at gjeldsnivået blir på eit moderat nivå også på lengre sikt.

Kommunen har eit relativt stort disposisjonsfond. Fondet bør vere stort også i framtida på bakgrunn av kommunen sine låge inntekter. I staden for å bygge opp fondet ytterlegare, kan det vere føremålstenleg å auke driftsfinansieringa av investeringar i dei komande åra og med det redusere lånbehovet.

Med helsing

Gunnar O. Hæreid  
fung. statsforvaltar

Nils Erling Yndesdal  
kommunaldirektør